



Nynorsk kultursentrum

Vestfold og Telemark fylkeskommune

Ørsta/ Vinje, 23. november 2020

Høyringsfråsegn om «Fylkeskommunens rolle overfor museumssektoren i Vestfold og Telemark»

Nynorsk kultursentrum takkar for høvet til å kome med innspel til Vestfold og Telemark fylkeskommune om museumsutgreiinga. Det er svært positivt at fylkeskommunen tek sikte på å utvikle ein museumspolitik på eit godt fagleg grunnlag. Vi har forståing for at organisering, tilskott og armlengds avstand er sentrale tema i den første utgreiinga i det samanslegne fylket.

Nynorsk kultursentrum er eitt av dei konsoliderte musea i Vestfold og Telemark, og ein av institusjonane som mottok driftstilskot frå både kommune, fylkeskommune og Kulturdepartementet. Vi er glade for at vi er invitert med på denne høyringa, og ventar at vi er med der museum vert diskutert, slik vi er i dei to andre fylka vi har fast verksemd i. Vi er gjennom heile i året i dialog med tre fylkeskommunar med ulik museumspolitik. De kan gjerne bruke oss som sparringspartner for å finne døme og løysingar frå andre delar av landet.

Vi tok over Vinjestoga i 2018 og i 2021 opnar ein heilt ny nasjonal institusjon i Vestfold og Telemark: Vinjesenteret for diktning og journalistikk. Allereie før vi har opna med full drift har vi fått Forskningsrådsfinansiert prosjekt om digitale festivalar, Kulturrådsfinansiert aspirant, etablert koronadokumentasjonen Aleine saman og sendt ut tre vandrestillingar til heile landet. No gjer vi ferdig ein DKS-produksjon om kjeldekritikk. Vi etablerer kulturtilbod i fylket, og spreier kultur og kompetanse frå Vestfold og Telemark til heile landet.

I denne høyringa legg vi vekt på å få fram fakta om oss som organisasjon og å gi innspel til ein museumspolitik som tek omsyn til mangfaldet i museumssektoren.

Kapittel 4

Det er nokre feil og manglar i omtalen av institusjonen vår. På s. 17 skal namnet vere Nynorsk kultursentrum i begge setningane vi er omtalt i. Det er også feil om tilskottet som vert omtalt som 1,2 mill. i kapittel 4.7 og 2 mill. i kapittel 4.8, men er 800 000 kr.

Vi har teke over formidlinga ved Vinjestoga så det kan endrast i kapittel 4.5. Vi føreslår at kapittel 4.7 vert endra i tråd med malen for dei andre

Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum er ei stifting med 24,6 årsverk. Stiftinga vart skipa i 1993. 23 organisasjonar er stiftarar/ partnarar, deriblant Vestfold og Telemark fylkeskommune. Museet har fast verksemd i Ulvik i Vestland, Ørsta i Møre og Romsdal og Vinje i Telemark, men har utstillingar og arrangement i heile landet. Nynorsk kultursentrum er medlem i Store norske leksikon og av samyrkelaget Norsk Barneblad. Nynorsk kultursentrum driv Vinjestoga (frå 2018) og Vinjesenteret (opnar haust 2021).



Indrehovdevegen 176
6160 Hovdebygda
Org.nr. 976 013 263
Bank 3991 40 21530

Tlf. 70 04 75 70
post@nynorsk.no
nynorsk.no

aasentunet.no
haugesenteret.no
vinjesenteret.no
allkunne.no



Øvste organ er styret. Styret har 7 medlemmer, der 4 er oppnemnd av Kulturdepartementet, 2 valde av rådet og 1 oppnemnd av dei tilsette. Styreleiar og nestleiar vert vald av styret sjølv. I rådet sit ein representant frå kvar av stiftarane/ partnerane.

Samla inntekter for stiftinga i 2019 var på kr 30 mill. Fylkeskommunalt tilskott frå Vestfold og Telemark var på 800 000 kr. Vinjestoga hadde 3 500 gjester i 2019. Det er 3 676 innbygjarar i Vinje.

Om vi skal isolere til Vinjesenteret i tabellen i kapittel 4.8 vert tala for 2019:

Årsverk: 1,75

Besøk: 3 750

Innbyggjarar: 3 676

Inntekter:

Tilskot stat: 3 500 000 kr

Tilskot fylke: 800 000 kr

Tilskot kommune: 1 200 000 kr

Billettinntekter: 275 000 kr

Kapittel 5

Vi er ikkje omtalt i dette kapittelet, og kan difor supplere med informasjon: Vinjesenteret for dikting og journalistikk skal i teorien vere finansiert etter 60–20–20-modellen.

Fylkeskommunen bidreg med 800 000 kr, Vinje kommune med 1 200 000 kr og 3 600 000 kr kjem frå staten. Det er berre fylkeskommunen som heng etter i dette reknestykket. Vi viser elles til søknaden vår om driftstilskott der dette er tydeleggjort.

I kapittel 5.1 er ikkje driftstilskottet vårt omtalt. Det bør med i tabellen på lik linje med dei andre musea.

Til kapittel 5.2 kan vi opplyse om at det er Vinje kommune som eig både Vinjestoga og Vinjesenteret.

I kapittel 5.3 har ikkje vi hatt særleg aktivitet sidan vi ikkje har opna Vinjesenteret for dikting og journalistikk enno. Det bør kome fram som forklaring til tabellane, og kome fram at det er difor våre tal i Vestfold og Telemark ikkje er med.

Kapittel 6

Nynorsk kultursentrum meiner det er styrker i begge dei tidlegare fylka sine museums- og kulturarvsstrategiar. Vi arbeider gjerne tett med fylkeskommunen for å vere med på å utvikle Vestfold og Telemark som kulturdestinasjon, det ser vi at Telemark fylkeskommune allereie har arbeidd mykje med.

Vi vonar at Nynorsk kultursentrum kan vere integrert i museumspolitikken i Vestfold og Telemark, verte invitert med på møte mellom leiarar og fylkeskommunen. I Vestland, der vi også har i overkant av fire årsverk, deltek direktør og avdelingsleiar litt på omgang. Vi er opne for ein slik modell også i Vestfold Telemark.

Nynorsk kultursentrum er svært positive til tiltakslista på s. 27. Vi har tru på budsjettsøknad og rapportering etter mal, og at vi får tilskotsbrev årleg, som igjen vert følgd opp med dialogmøte. Dette har vi vane med frå dei to andre fylkeskommunane, og vi trur dette gir både god dialog, kjennskap til kvarandre og god saksbehandling/ politisk behandling. Vi sluttar med andre ord opp om oppsummeringa i kapittel 7.2 om styring overfor stiftingar.

Kapittel 8

Nynorsk kultursentrum ønskjer prinsipielt ikkje å meine noko om korleis andre museum vert organiserte. Vi er likevel einige i at stiftingar med klare tilskotstildelingar

og rapporteringsrutinar i størst grad tek godt i vare dei tre overordna premissane som er sett opp i rapporten.

Fellesprosjekt

Nynorsk kultursentrum trur at ein måte å byggje i hop fylkeskommunen og alle musea i fylket er å etablere fellesprosjekt innafor forskning eller formidling av den regionale identiteten i Vestfold og Telemark. Særleg eit forskingsprosjekt med bidragsytarar frå fleire institusjonar kunne styrka samhaldet, og samstundes bidrege til eit viktig løft i nasjonal målestokk.

Arkivutgreiinga

Nynorsk kultursentrum stør dei andre musea i Telemark sitt innspel til arkivutgreiinga.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Per Magnus Finnanger Sandsmark
direktør

Kristian W. Rantala
dagleg leiar, Vinjesenteret